



**Sakshandsamar:**  
Terje Raunsgard

**Vår referanse:**  
Arkivsaknr: 18/2767 / 7

Noregs vassdrags- og energidirektorat NVE  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Dykkar referanse:**  
201801666-33  
**Vår dato**  
19.10.2018

## Innspill til Nasjonal ramme for vindkraft Uttale frå Fusa kommune

Fusa kommunestyre har i møte 4. oktober 2018 gitt fullmakt til eit ad hoc-utval om å gje uttale til Nasjonal ramme for vindkraft. Ad hoc-utvalet vil med utgangspunkt i framlegget som vart lagt fram for kommune, gje følgjande uttale:

Fusa kommune viser til arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land» som Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) no har ute på høyring.

NVE har fått eit oppdrag med å laga ei overordna analyse over kva område i Noreg som kan eigna seg til landbasert vindkraft. Det er eit omfattande arbeid som bør balansera framtidig energibehov, naturvern, friluftsinteresser, landbruksinteresse med meir. Det omfattar store deler av Noreg. For Fusa kommune sin del så gjeld det store deler av dei sentrale fjellområda våre.

Fjellområdet mellom Skardsnuten og Ottanosa /Kjerringafjell er eit viktig rekreasjon og friluftsområde både vinterstid og sommarstid. Dette samanhengande fjellområdet strekkjer seg og vidare austover mot Strandebarm og nordover mot Samnanger og Kvamskogen. Spesielt er fjellområda mellom Engelifjell og Kjerringafjell og nordover rundt Botnavatnet eit mykje brukt lokalt, og etter kvart regionalt viktig tur- og rekreasjonsområde både vinterstid og sommarstid.

Området er tilgjengeleg både frå Eikelandsosen, Havskår, Dale og ikkje minst frå Byggdastølen ski- og tursenter. På fine vintersdagar er det registrert opp mot 200 bilar parkert på parkeringsplassen med turfolk som brukar fjellområdet for skiturar. Ein kan frå denne parkeringsplassen gå på ski, eller til fots langt innover mot Engelifjell, Øykjafjellet, Botnavatnet og mot Ottanosa / Kjerringafjellet. Dette turområdet er vinterstid blitt eit regionalt viktig turområde. Analyseområde 17 grensar og krysser Kikedalen. Kikedalen er det største av svært få område i Hordaland som er klassifisert som Nasjonalt verdifulle kulturlandskap. Kikedalen i seg sjølv er tatt ut som «myke eksklusjoner» mens ikkje alle omliggjande fjell er tatt bort. Gjønakvitingen ligg open. Plassering av vindmøller på fjella rundt Kikedalen vil sterkt forringa Kikedalen som kulturlandskap og gje svært uheldige landskapsmessige verknadar. I desse fjella er det også kulturminne frå krigen og kulturminne knytt til tidlegare bruk av fjella.

Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune gjorde i 2008 ei undersøking av område for friluftsliv i Hordaland: «Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område i Hordaland» I denne rapporten er fleire område i Fusa nemnt. Område som er viktige i denne samanheng er Kikedalen, Gjønakvitingen, Botnafjellet – området rundt Botnavatnet.

Denne prosessen kan bety at svært store fjellområde i Fusa kan bli definert som eigna til vindkraft. Det kan føra til store inngrep i form av vegar og vindmøller. I dei fleste tilfelle er dette vesentleg meir synlege inngrep enn når det gjeld vasskraft.

Fusa kommunestyre forvaltar Fusa kommune også på vegne av komande generasjonar. Inngrep av den storleik det her er snakk om vil endra dei sentrale fjellområda våre for all tid.

Ut frå ovannemnde grunnar meiner Fusa Kommune at dei deler av analyseområde 17 som ligg i Fusa Kommune ikkje er egna for vindkraft, og slik sett ikkje skal vere med i det vidare analysearbeidet.

Helsing

Terje Raunsgard  
einingsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*